



Arkivnr: 2015/8847-14

Saksbehandlar: Roald Breistein

Saksframlegg**Saksgang**

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet		

Oppfølging - Forvaltningsrevisjon av regionale utviklingsmidlarBakgrunn for saka:

Forvaltningsrevisionsrapport innan regionale utviklingsmidlar vart handsama i fylkestinget 14.6.2016 der det vart gjort slikt vedtak:

«På bakgrunn av forvaltningsrevisjon innan «Regionale utviklingsmidlar» ber fylkestinget fylkesrådmannen syta for å:

1. *Sikre at enkeltvedtak om fordeling av tilskot blir fatta i samsvar med gjeldande delegasjonar, og at eventuell vidaredelegering av vedtaksmynde blir formalisert.*
2. *Sikre at distrikts- og regionalpolitiske verkemidlar blir nytta i samsvar med forskrift og retningsliner frå KMD, under dette at midlane ikkje blir nytta til drift av næringsverksemnd eller organisasjonar.*
3. *Sikre at tilgjengeleg informasjon om tilskotsordningane innehold informasjon om tildelingskriterium, saksgang og saksbehandling, samt at det blir gjennomført systematiske evalueringar av informasjonsformidling og kunngjering for å sikre at informasjonen når heile målgruppa.*
4. *Sikre at det blir etablert tydelege tildelingskriterium for alle etablerte tilskotsordningar.*
5. *Vurderer å tydeleggjere og formalisere sakshandsamingsrutinane ytterlegare, samt etablere kontrollmekanismar i sakshandsaminga for å sikre at krav i regelverk og interne rutinar blir etterlevd i praksis*
6. *Sikre at all kommunikasjon med søkerar, som har betydning for saka, blir arkivert i samsvar med forskrift om offentleg arkiv § 3-18 første ledd, og fvl. § 11d.*
7. *Laga ein prioritert handlingsplan innan 1.10.2016 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.»*

Handlingsplan i tråd med punkt 7 i vedtaket over vart handsama i fylkestinget 4.10.16 og innstillinga frå fylkesrådmannen vart samrøystes vedteke.

Kontrollutvalet har eit særskilt ansvar for å følgje opp at fylkestinget sine vedtak i samband med handsaming av rapportar om forvaltningsrevisjon vert følgd opp. Det vert vist til «Forskrift om kontrollutvalg i kommuner og fylkeskommuner» § 12 «Oppfølging av forvaltningsrevisjoner» der det står dette:

Besøksadresse: Agnes Mowinckelsgt. 5 - Postadresse: Postboks 7900. 5020 Bergen - Telefon 55 23 90 00

Direkte telefon 55239447 – Mobil 97505152 - E-postadresse: Roald.Breistein@hfk.no eller kontrollutvalet@hfk.no

Bankgiornr. 5201 06 74239 - Foretaksnr. NO 938 626 367 mva.

«Kontrollutvalget skal påse at kommunestyrets eller fylkestingets vedtak i tilknytning til behandlingen av rapporter om forvaltningsrevisjon følges opp.

Kontrollutvalget skal gi rapport til kommunestyret eller fylkestinget om hvordan kommunestyrets eller fylkestingets merknader til rapport om forvaltningsrevisjon er blitt fulgt opp. Det skal også rapporteres om tidligere saker som etter utvalgets mening ikke er blitt fulgt opp på en tilfredsstillende måte.»

På bakgrunn av dette vart handlingsplanen handsama i møte i kontrollutvalet 20.10.16 der det vart gjort slikt vedtak:

1. Kontrollutvalet ser positivt på det arbeidet som er starta opp i samband med forvaltningsrevisjon av regionale utviklingsmidlar i Hordaland fylkeskommune.
2. På bakgrunn av at det meste av forbettingsarbeidet skal vera ferdig innan utgangen av januar 2017, ber kontrollutvalet om ny status på arbeidet i form av skriftleg tilbakemelding innan 31.1.2017.

Drøfting:

Vi har no motteke svar frå fylkesrådmannen dagsett 30.1.17 i tråd med punkt 2 over. Svaret ligg ved.

Sekretariatet ser positivt på den motekne statusrapporten i høve forbettingsarbeidet når det gjeld forvaltningsrevisjon innan regionale utviklingsmidlar i Hordaland fylkeskommune. Av tilbakemeldinga går det fram at fleire av forbettingspunktene er ferdig gjennomført, men at det samstundes gjenstår ein del arbeid før alt er på plass. Vi har m.a. merka oss at politisk sak om partnarskapsmidlar til næringsretta utviklingsaktørar skal handsamast i fylkesutvalet 22.2.17. På bakgrunn av dette bør kontrollutvalet be om ny status i forbettingsarbeidet i form av skriftleg tilbakemelding innan 31.8.2017.

Konklusjon:

På bakgrunn av at det som går fram over vert det tilrådd at kontrollutvalet ber om ny status på arbeidet i form av skriftleg tilbakemelding innan 31.8.2017.

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet ser positivt på den motekne statusrapporten i høve forbettingsarbeidet når det gjeld forvaltningsrevisjon innan regionale utviklingsmidlar i Hordaland fylkeskommune. Av tilbakemeldinga går det fram at fleire av forbettingspunktene er ferdig gjennomført, men at det samstundes gjenstår ein del arbeid før alt er på plass. Utvalet har m.a. merka oss at politisk sak om partnarskapsmidlar til næringsretta utviklingsaktørar skal handsamast i fylkesutvalet 22.2.17.
2. På bakgrunn av det som går fram over, vert det tilrådd at kontrollutvalet ber om ny status på arbeidet i form av skriftleg tilbakemelding innan 31.8.2017.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Roald Breistein
utvalgssekretær

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Vedlegg

- 1 Status på oppfølging av forvaltningsrevisjon, regionale utviklingsmidlar
- 2 Tildelingsbrev frå KMD - Programkategori 13.50